



Terje Hilland  
Skarpnesvegen 120  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/770 - 14/11082

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen

Dato:  
01.04.2014

## Godkjenning avskytingsplan Austebygd hjortevald 2014-2016

**Administrativt vedtak. Saknr: 197/2014**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 01.04.2014

Terje Hilland, formann i Austebygd hjortevald søkjer om å få godkjent ny avskytingsplan for Austebygd hjortevald, då plan for 2011-2013 har gått ut. Austebygda hjorteval vart oppretta i 2008 ved att 4 tidligare vald slo seg saman til eitt storvald. Samla areal for valdet er 19255 daa.

I førre planperiode vart det felt 39 dyr i 2011, 39 dyr i 2012 og 39 dyr i 2013. Til saman 117 dyr.

I forslag til ny avskytningsplan søker valdet om løyve til felling av 39 dyr årlig, til saman 117 dyr over ein 3-års periode frå 2014-2016. Valdet forslår i perioden 2014-2016 ein kjønns- og aldersfordeling på 42 hanndyr, 45 hodyr og 30 kalvar. Dette for å stanse bestandsveksten og å behalde uttaket.

### Vurdering:

Administrasjonen tykkjer valdet har fungert godt og meiner att forslaget til avskytingsplan for perioden 2014-2016 godkjennas.

Kvotefordelinga mellom jaktfelte fortset som i føre planperiode. periode.

Meland kommune gjev årleg fellingsløyve som frie dyr. Grensa for avvik i høve avskytingsplanen vert sett til 10%. Austebygd hjortevald må ta avskytinga i planperioden. opp til årleg vurdering. Eventuelle endringar må godkjennast av Meland kommune.

## Vedtak

*” Meland kommune syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering og godkjenner att forslag til ny avskytingsplanen frå 2014 vert godkjent i 3 år, fram til og med 2016.*

*Forlenginga vert gjeve på fylgjande vilkår:*

- 1. Kvotefordelinga mellom jaktfelta fortset som i føre planperiode.*
- 2. Grensa for avvik i høve avskytingsplanen vert sett til 10%.*
- 3. Austebygd hjortevald må ta avskytinga i planperioden. opp til årleg vurdering. Eventuelle endringar må godkjennast av Meland kommune.*

*Meland kommune gjev årleg fellingsløyve som frie dyr, jf. § 14 i hjorteviltforskrifta.*

*Mislighald av avtalen kan medføre att kommunen seier opp avtalen og att valdet for komande år får tildelt løyver ut frå § 15 i hjorteviltforskrifta.”*

*Vedtaket har heimel i § 14 i hjorteviltforskrifta.”*

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Terje Hilland

Skarpenesvegen 5918  
120

FREKHAUG